

FIN sine kommentarar til DAT si første utgåve av fartsplan frå 1. oktober

Flora Industri og Næringsforening (FIN) har sendt forslaget ut til sine medlemmar og har samtidig invitert Måløy Vekst, Bremanger og Kinn kommune om innspel. Vi sender alle svara vedlagt i e-posten.

FIN si oppsummering av innspela:

Samferdsleutvalet i Kinn kommune har heile tida vore tydelege på at ein må ta omsyn til dei som reiser til/frå Florø med båt, dvs. reisande frå Måløy, Bremange og øyane i Florø. Dette er godt i varetatt med flya FRO-Oslo kl. 7.15 og retur kl. 17.45. Tidleg ankomst til Florø har vore etterspurt, og det er positivt at vi no får eit fly som landar her kl. 10.00.

Det er komt inn ein del innspel om at avgangen frå Florø kl. 16.10 er litt tidleg, men forskyver vi denne så ødelegger vi for returen som passar godt med båtrutene kl. 20.00. Så lenge vi har 2 rundturar er dette optimalt. Når vi får 3 rundturar etter 1. april må vi sjå nærare på ein seinare rundtur – etter 16.10 / 17.45. Dette må vi ha løpande dialog på fram til den tid.

Ekstra rundtur for å stette kravet til setekapasitet har vi ikkje fått mange tilbakemeldingar på. Einaste er oljebransjen, som peikar på mandag. Fritidsmarkedet har ikkje vore involvert i denne spørreunda, men tidlegare har det vore etterlyst eit tidleg rute FRO-Oslo på laurdag.

Vedlagt følgjer alle innspela vi har fått inn. Har de fleire spørsmål, vennligst ta kontakt med leiar Bjørn Hollevik

Florø 1. september 2021

Bjørn Hollevik
Leiar FIN

bjorn.hollevik@eninvest.net
913 81 879

Anita Øygard
sekretær FIN

post@florain.no
901 20 598